

Notat

Går til: Styremedlemmer
 Føretak: Helse Vest RHF
 Dato: 05.10.2008
 Frå: Administrerende direktør Herlof Nilssen
 Sakshandsamar: Ivar Eriksen
 Saka gjeld: **Oversikt over aktuelle høyringar per 02.10.08**

Styresak 082/08 O

Styremøte 17.10. 2008

Administrerende direktør si orientering pkt 12

Dato for brev	Saka gjeld	Status
12.03.08	Augelegar sin adgang til å utløyse takstar når pasientar er tilvist frå optikar.	Høyringsfrist 13.06.08. Saka sendt helseføretaka for innspel og merknader. Helse Vest har i brev av 12.06.08 vidareformidla uttale frå Helse Bergen.
14.03.08	NOU 2008: 4 "Frå ord til handling" – Bekjempelse av voldtekt krever handling".	Høyringsfrist 16.06.08. Uttale ikkje gitt.
31.03.08	Utkast til rutinar og prosedyrar for etablering og utsending av helseteam ved krisar i utlandet.	Høyringsfrist 30.05.08. Uttale ikkje gitt.
15.04.08	Rettleiar for planlegging av helsemessig og sosial beredskap i kommunane.	Høyringsfrist 15.07.08. Uttale ikkje gitt.
22.04.08	Forslag til endring av helsepersonellova mv for å styrke rettsstillinga til born av pasientar.	Høyringsfrist 22.08.08. Saka sendt helseføretaka for innspel og merknader. Helse Vest har gitt uttale ved brev av 07.08.08. Mindre merknadar.
02.05.08	Utkast til nasjonale rettleiarar for tildeling av pasientrettar og fristsetting innanfor dei 30 fagområda i samarbeidsprosjektet "Riktigere prioritering i spesialisthelsetjenesten".	Høyringsfrist 13.06.08. Helse Stavanger har sendt høyringsuttale.
12.05.08	Vidareutdanning i psykisk helsearbeid.	Høyringsfrist 19.06.08. Saka sendt helseføretaka for innspel og merknader. Høyringsuttale sendt 11.06.08. Evalueringsrapporten sine hovudfunn samsvarar med Helse Vest sin vurdering av vidareutdanning i psykisk helsearbeid. I tillegg gitt nokre mindre merknadar.
19.05.08	Forslag til endring i forskrift om leger sin melding til politiet om unaturleg dødsfall	Høyringsfrist 01.09.08. Saka sendt helseføretaka for innspel og merknader.

	og liknande.	Høyringsuttale sendt 25.08.08. Helse Vest støttar formålet med forslaget, men viser til nokre kritiske merknadar som er kome fram i uttale frå Helse Fonna og Helse Stavanger. Det gjeld både dei meir prinsipielle vurderingar knytt til grenseoppgangen mellom etterforskning og politioppgåver og yting av helsetenester og den praktiske gjennomføring og organisering med to team.
23.05.08	Høyring – praksisrettleiar for poliklinikkar innan psykisk helsevern for barn og unge.	Høyringsfrist 23.06.08. Saka sendt helseføretaka for innspel og merknader. Tilbakemelding gitt frå Helse Stavanger. Denne er vidareformidla. Helse Vest har uttala at ein forventar at rettleiaren blir til god støtte for arbeidet i poliklinikkane.
16.06.08	Endringar i forskrift om medisinsk utstyr.	Høyringsfrist 16.09.08. Helse Vest har førespurd helseføretaka om merknadar til forslag om endringar. Det er ikkje motteke merknader til forslaget.
16.06.08	Forslag til endringar i folketrygdlova mv . etablering av ordning for refusjon av pasientar sine utgifter til helsehjelp (ikkje-sjukehusbehandling) i andre EØS-land.	Høyringsfrist 01.10.08. Uttale ikkje gitt.
20.06.08	Nasjonale retningslinjer for utgreiing, diagnostikk og behandling av pasientar med menieres sjukdom.	Høyringsfrist 31.08.08. Uttale ikkje gitt.
20.06.08	Program for omstilling og utvikling i Helse Sør-Aust – Hovudstadsprosessen.	Høyringsfrist 20.10.08.
25.06.08	Felles elektronisk tenesteyting i offentleg sektor – høyring av arbeidsgrupperapport om felles IKT-arkitektur.	Høyringsfrist 25.09.08. Uttale ikkje gitt.
25.06.08	Utkast til retningslinjer for behandling av depresjon i primær- og spesialisthelsetenesta.	Saka sendt helseføretaka for innspel og merknader. Innspel frå Helse Førde vidaresendt 29.08.08.
26.06.08	Forslag om innføring av obligatorisk elektronisk faktura i staten.	Høyringsfrist 30.09.08. Uttale ikkje gitt.
30.06.08	Forskrift om handtering av brannfarlig, reaksjonfarlig og trykksatt stoff samt utstyr og anlegg som blir brukt ved handteringa.	Høyringsfrist 15.10.08
04.07.08	Høyring av arbeidsgrupperapport – gjennomgang av regelverket for vaktverksemd.	Høyringsfrist 03.10.08.
09.07.08	Utgreiing av dobbeltkompetanseutdanning i odontologi – rapport frå arbeidsgruppe.	Høyringsfrist 01.10.08. Helse Vest har bedt Helse Bergen gjere ein vurdering av rapporten eventuelt i samarbeid med Universitetet i Bergen og fremme forslag til uttale dersom det er forhold som helse Vest bør uttale seg om.
24.07.08	Utkast til lov om kommunal	Høyringsfrist 10.09.08.

	beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret.	Uttale ikkje gitt.
03.09.08	WHO's høyring – Public hearing on the draft code of practice on the international recruitment of health personell.	Høyringsfrist 22.09.08. Uttale ikkje gitt.
18.09.08	Høyring - tilbod om gentesting ved påvist bryst- eller eggstokkreft.	Høyringsfrist 30.10.08. Saka sendt helseføretaka for innspel og merknadar.
19.09.08	Overordna nasjonal helse- og sosialberedskapsplan. Revidert plan på høyring.	Høyringsfrist 05.12.08.